



DEN NORSKE KYRKJA

Askvoll sokneråd

Møteprotokoll for Askvoll sokneråd

Tid: 01.10.2020 kl. 15:15-18:00

Stad: Holmedal Bedehus

Frammøtte:

Jostein Gryte	Leiar	
Wenche Ness Gabrielsen	Nestleiar	
Arnt Johny Langeland	Medlem	
Solfrid Løvik Hellevang	Medlem	
Ole Kistrup Vilnes	Medlem	
Lillian Oddekalv Gjervik	Medlem	Ikkje til stades i sakene 46-47
Terje Mork	Medlem	
Kjell Olav Høstaker Nordheim	Medlem	
Jarle Magnus Vilnes	Medlem	Ikkje til stades i sakene 46-47
Ingvild Loftheim	Varamedlem	

Forfall:

Karen Anny Espedal	Medlem
Bjørn Arne Mjåseth	Medlem
Kristin Rivedal Yndestad	Medlem

Møtande fra administrasjonen:

Rune Ziener	Kyrkjeverje
-------------	-------------

Før møtet var det synfaring i Holmedal kyrkje og Holmedal kyrkjegard

Saker handsama på møtet:

Saksnr	Uoff	Tittel	Sakshandsamar
SR 2020/40		Godkjenning av innkalling og dagsorden	RUNE ZIENER
SR 2020/41		Godkjenning av protokoll fra soknerådsmøte 03.09.2020	RUNE ZIENER
SR 2020/42		Skriv, meldingar og drøftingar	RUNE ZIENER
SR 2020/43		Oppnemning av trusopplæringsutval for Askvoll sokn (supplerande oppnemning)	RUNE ZIENER
FR 2020/44		Høyring om ny økonomiforskrift for sokna i Den norske kyrkja	RUNE ZIENER
FR 2020/45		Kandidatforslag til KA sitt landsråd (delegatar frå Bjørgvin)	RUNE ZIENER
FR 2020/46		Budsjettforslag 2021 og økonomiplan 2022-2024	RUNE ZIENER
SR 2020/47		Soknerådet sine varamedlemmer - endringar	RUNE ZIENER

Askvoll, 01.10.2020

Rune Ziener
referent

SR 2020/40 Godkjenning av innkalling og dagsorden

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd godkjenner innkallinga og dagsordenen som dei ligg føre.

MØTEHANDSAMING

Kyrkjeverja la fram éi tilleggssak i møtet.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd godkjenner innkallinga og dagsordenen som dei ligg føre, samt tilleggssak som vart lagt fram i møtet.

SR 2020/41 Godkjenning av protokoll frå soknerådsmøte 03.09.2020

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd godkjenner protokollen frå møte i Askvoll sokneråd 03.09.2020.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd godkjenner protokollen frå møte i Askvoll sokneråd 03.09.2020.

SR 2020/42 Skriv, meldingar og drøftingar

UTGREIING

Følgjande skriv, meldingar og drøftingar var oppe i møtet:

- M 2020/23 Referat kyrkjelydsutvalet i Holmedal 24/8-2020
- M 2020/24 Referat frå kyrkjelydsutvalet i Askvoll 25/8-2020
- M 2020/25 Referat frå kyrkjelydsutvalet i Kvammen 1/9-2020
- M 2020/26 Riksantikvaren: *Vilnes kyrkje - Klimaskaltiltak - Riksantikvaren si fråsegn* (16.09.2020)
- M 2020/27 Reglement for utlån/utleige av kyrkjene og gjennomgang av betalingsvedtekter. Dette kjem som sak seinare.
- M 2020/28 Julegudstenestene - korleis handterar vi desse?
- M 2020/29 Justering av konfirmantplanen

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd tek skriv, meldingar og drøftingar til orientering.

SAMRØYSTES VEDTAK

- 1. Askvoll sokneråd tek skriv, meldingar og drøftingar til orientering.
- 2. Soknerådet takkar kyrkjevertar og kyrkjelydsutvala for ekstra innsats til vel gjennomførte konfirmasjonsgudstenester denne hausten i koronasituasjonen.

SR 2020/43 Oppnemning av trusopplæringsutval for Askvoll sokn (supplerande oppnemning)

UTGREIING

Det vert vist til sak SR 2020/35, vedtakspunkt 3:

3. Kyrkjestaben og kyrkjelydsutvala vert oppmoda om å finne aktuelle kandidatar til trusopplæringsutvalet før neste møte i soknerådet, der formell oppnemning vil finne stad. Etter vedteke reglement for trusopplæringsutvalet pkt. 2.2 skal det i tillegg til trusopplæringskontakten, vere minst tre andre medlemmer oppnemnt av soknerådet i utvalet, utanom trusopplæringsmedarbeidaren.

I førre møte vart Lillian Oddekalv Gjervik valt som soknerådet sin trusopplæringskontakt, og det skal oppnemast minimum 3 andre medlemmer i tillegg.

Kyrkjelydsutvala har vore tilskrive med spørsmål om å finne aktuelle medlemmer til utvalet, og det har vore noko respons på dette. I tillegg har kyrkjestaben spurt aktuelle personar om dei vil vere med.

Så langt har desse takka ja til å vere med i utvalet:

- Arnt Johny Langeland (Askvoll)
- Sigrid Lunde (Kvammen)
- Stine Solheim Rørvik (Askvoll)

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd oppnemner xxx som medlemmer i trusopplæringsutvalet for Askvoll sokn.

MØTEHANDSAMING

Terje Mork orienterte i møtet om at også Karen Anny Espedal har sagt ja til å vere med i trusopplæringsutvalet.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd oppnemner:

- Arnt Johny Langeland
- Sigrid Lunde
- Stine Solheim Rørvik
- Karen Anny Espedal

som medlemmer i trusopplæringsutvalet for Askvoll sokn.

FR 2020/44 Høyring om ny økonomiforskrift for sokna i Den norske kyrkja

UTGREIING

Barne- og familidepartementet har sendt ut på høyring, og ber om merknader til forslag til ny forskrift om økonomiforvaltninga i Den norske kyrkja lokalt. Innholdsmessig er det svært få endringar samanlikna med dagens forskrift frå 2003, men her ligg ei tilpassing til ny lov om trus- og livssynssamfunn som trer i kraft 01.01.2021.

Forslaget til ny økonomiforskrift tar opp i seg fleire av endringane i dei kommunale reglane.

Frist for høyringa er sett til **12. oktober**.

Kyrkjeverja har slikt forslag til høyringssvar:

Del 2:

Kommentar til pkt. 2:

Askvoll sokneråd har ingen merknader til at prinsippet om kommunale reknesaksprinsipp vert videreført.

Kommentar til pkt. 3-5:

Askvoll sokneråd har ingen merknader til punkta 3-5.

Kommentar til pkt. 6,1:

Askvoll sokneråd meiner det vil vere svært uheldig om det, på bakgrunn av ulike heimlar for kommunens finansieringsplikt til trussamfunnet Dnk og den lokale gravplassforvaltninga, vert gitt opning for å skilje/øyremereke midlar til gravplassforvaltninga og kyrkja lokalt som trussamfunn. Vi ser på dette som ein fare for svekka økonomisk handlingsrom for lokalkyrkja, samt fare for at det på sikt vil vere enklare å opne for overføring av gravferdsforvaltninga frå soknet til kommunen.

Del 3:

Kommentar til pkt. 8:

Askvoll sokneråd støttar forslaget om forsiktig utvida fristar for reknesaksavlegging og revisjon, samt at det vert konkretisert kven som innstiller til vedtak i alternativt i alternativt 1.-ledd i § 17. I midlertid ønskjer vi denne bestemmelsen inn allereie no, og ikkje ved seinare revisjon av forskriften.

Del 4:

Kommentar til pkt. 9:

Askvoll sokneråd meiner at det i ei seinare regulering av økonomiforskrifta ikkje er grunn til å avgje kompetanse til Kyrkjemøtet for fastsetting av reknesaksprinsipp og økonomiforvaltning, all den til lokalkyrkja vert finansiert av kommunen. I alle høve forutset vi at økonomiforskrifta for Den norske kyrkja lokalt, skal følgje dei kommunale reknesaksprinsippa.

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd avgir høyringssvar til Barne- og familidepartementet om forslag til ny økonomiforskrift for sokna i Den norske kyrkja i samsvar med forslaget frå kyrkjeverja.

MØTEHANDSAMING

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd avgir høyringssvar til Barne- og familidepartementet om forslag til ny økonomiforskrift for sokna i Den norske kyrkja i samsvar med forslaget frå kyrkjeverja.

FR 2020/45 Kandidatforslag til KA sitt landsråd (delegatar fra Bjørgvin)

UTGREIING

På regionalt kontaktmøte i Bergen 14. januar skal det veljast delegatar fra Bjørgvin til KA sitt landsråd, for perioden 2021-2025. Alle medlemsorganisasjonar er oppmoda om å fremje forslag til kandidatar. Nominasjonskomitéen for Bjørgvin har sett frist **1. oktober 2020** for innsending av kandidatforslag. (Sjå vedlagte skriv frå nominasjonskomitéen.)

KAs landsråd er øvste organ for arbeidsgivarorganisasjonen og tilsvarer såleis generalforsamlinga. Landsrådet samlast annakvart år og har følgjande oppgåver (etter vedtekten § 7, pkt. d):

- *Velge dirigentskap og fastsette forretningsorden.*
- *Vedta valgregler for valg til KAs organer.*
- *Vedta vedtektsendringer og retningslinjer for kontrollkomiteens arbeid.*
- *Vedta strategiplan for KAs virksomhet.*
- *Fastsette rammer for medlemskontingenenten.*
- *Fastsette styrehonorar og regler for arbeids- og møtegodtgjøringer etter forslag fra valgkomiteen.*
- *Velge styre, valgkomité og kontrollkomité.*
- *Velge revisor.*
- *Forelegges rapport fra kontrollkomiteen.*
- *Forelegges styrets toårsmelding, årsberetning og regnskap til orientering.*
- *Behandle øvrige saker som fremmes av styret, samt saker foreslått av medlemmene. Slike saker må være sekretariatet i hende senest 8 uker før møtet.*
- *Landsrådets oppgaver er nedfelt i KAs vedtekter § 7.*

Ut frå tal årsverk i organisasjonen, skal Bjørgvin velje 5 landsrådsdelegatar + 5 varamedlemmer.

Rådsmedlemmer og tilsette i KA-tilknytta organisasjonar er valbare.
Namn, alder, yrkesfaring og kyrkjeleg verv/tilsett i skal opplysast om ved oversendinga til nominasjonskomitéen.

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd fremjer forslag om XXX som kandidat(-ar) til KAs landsråd perioden 2021-2025.

MØTEHANDSAMING

Det vart i møtet satt fram forslag om kyrkjeverje Rune Ziener som kandidatforslag til KAs landsråd frå Askvoll sokneråd.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd fremjer forslag om kyrkjeverje Rune Ziener som kandidat til KAs landsråd perioden 2021-2025.

FR 2020/46 Budsjettforslag 2021 og økonomiplan 2022-2024

UTGREIING

Kyrkjelege fellesråd og sokneråd skal etter økonomiforskriften § 3, kvarter år vedta ein rullerande økonomiplan for dei neste fire åra. Planen skal gi eit realistisk oversyn over:

- forventa inntekter og utgifter i perioden
- prioriterte oppgåver i perioden

Planen skal gi grunnlag for fastsetjinga av storleiken på kommunale drifts- og investeringstilskot. Det er sett frist til **5. oktober** for innmelding av behov til Askvoll kommune.

I budsjetttrundskriv frå kommunen er det førebels lagt inn ei driftsløyving for 2021 på kr 3,886 millionar (som er ei vidareføring av 2020-tilskotet, men med innlagt lønnsvekst kr 59.000,-).

Kommunestyret sitt gjeldande budsjett-/økonomiplanvedtak (frå 2019) har slike investeringstilskot i kommande planperiode (tal i NOK 1000):

Investeringar	(2020)	2021	2022	2023	2024
Totalløyving	2300	1500	3000	1500	-
Fordelt på prosjekt:					
Brannsikring/tilbygg Vilnes	2000				
Forprosjekt kyrkjekonstruksjon Askvoll kyrkje	100				
Automatisk ringeanlegg Askvoll	200				
Rehabilitering Holmedal kyrkje		1500	1500	1500	
Kyrkjekonstruksjon Askvoll kyrkje			1500		

DEL 1: Investeringar Askvoll sokn – økonomiplan 2021-2024

Økonomiplanforslaget for 2021-2024 er ei vidareføring av førre plan (då forutsett tekstleg føring i tidlegare økonomiplanvedtak at fast løyving til rehabiliteringa av Holmedal kyrkje vert vidareført inntil prosjektet er ferdig).

For å sikre ferdigstilling av brannsikringa og tilbygg til Vilnes kyrkje i 2020, er det søkt om og vedteke omdisponering av investeringstilskotet for 2020, der kr 1,08 millionar er flytta frå prosjektet med nytt servicebygg til Askvoll kyrkjegard til Vilnesprosjektet.

Finansiering av nytt servicebygg til Askvoll kyrkjegard må såleis inn igjen i budsjett/økonomiplan som ny løyving.

I tillegg til dette er det lagt inn to nye prosjekt:

- Rullestoltolk til kor/altar i Askvoll kyrkje (stipulert kr 100.000,-)

- Utskifting av røromnar og taklamper i Vilnes kyrkje (stipulert kr 170.000,-/510.000,-)

Totalbehov (tal i 1000 kr)	2021	2022	2023	2024
	<u>3470 (3810)</u>	<u>3000</u>	<u>1500</u>	<u>1500</u>
Fordelt på:				
Rehabilitering Holmedal kyrkje	1500	1500	1500	1500
Kyrkjetak Askvoll kyrkje		1500		
<i>Nytt servicebygg Askvoll kyrkjegard</i>	1700			
<i>Bytte ut røromnar og belysning Vilnes kyrkje</i>	170 (510)			
<i>Rullestollift/-heis i koret Askvoll kyrkje</i>	100			

2021-2024:

Holmedal kyrkje, rehabilitering

KA sette i 2018 i gong eit prosjekt for å utvikle eit tilstandsanalyseverktøy for kyrkjebygg, og Holmedal kyrkje var ei av tolv kyrkjer i landet som fekk tilbod om å få utarbeidd ein tilstandsrapport som del av dette arbeidet. Tilstandsrapporten viser at kyrkjebygget er i langt dårlagare stand enn ein tidlegare har kjent til, både som følgje av vedlikehaldsetterslep og setningsskadar.

Det er tilrådd at ein innan 5 år gjer ei rekke utbetringar på bygget, der dei største enkeltpostane er:

- omlegging av takskifer og bygging av nytt undertak
- utskifting av trepanel
- rehabilitering av samtlege vindu, dører, luke, skodder
- utbetre fuktskader i trevirke i klokketårn og bærebjelker med råte
- montere takrenner og nedløp

Entreprisekostnaden er kalkulert til kr 5,71 millionar, men rapporten seier at ein bør ha eit påslag på kr 1,56 millionar på denne summen til uforutsett, prosjektadm., rigg og drift, forsikringar, m.m.

Finansieringsbehov:

Kr 7,242 millionar (100% kommunal finansiering)

Konsekvens ved manglende løying:

Utsett restaurering fører til forverring av bygningstilstand og fordyra prosjekt. Fare for nedfall frå tak. Ikke tilfredsstillande persontryggleik.

(2020)/2022:

Askvoll kyrkje - restaurasjon kyrkjetak

Under rehabiliteringsarbeidene på kyrkja i 2013/2014 vart det avdekka skadar og slitasje på det hellelagte kyrkjetaket. Taket er undersøkt av byggfagleg kompetanse, og det er tilrådd at ein innafor ein tiårsperiode førettek restaureringsarbeid med sikring, evt. utskifting av takstein. Prosjektet er ikkje kostnadsrekna. Tilstandsanalyse og

tiltaksplan/kalkyle er pr. september 2020 enno ikkje gjennomført.

Finansieringsbehov:

Kr 1,5 mill (100% kommunal finansiering)

Konsekvens ved manglende løyving:

Om taket ikkje vert restaurert vil det vere fare for at takstein løsnar, og ein står i fare for at det kan oppstå lekkasjeskadar i takkonstruksjonen. Vidare er det fare for personskade om takstein skulle løsne.

2021:

Nytt servicebygg Askvoll kyrkjegard

Prosjektet har stått lenge i økonomiplanen, og sto i budsjettet 2020. Tildelt løyving i 2020 til prosjektet på kr 1,08 millionar er omdisponert til ferdigstilling av brannsikring og tilbygg Vilnes.

Truleg er tidlegare innlagt finansieringsbehov for lågt, då dette har vore eit stipulat som har lege inne i tidlegare økonomiplan i mange år. Antakeleg ligg reelle behov minst 50-60% over dette tidlegare estimatet. Ein bør auke stipulatet til eit slikt servicebygg til minst 1,7 millionar.

Finansieringsbehov:

Kr 1,7 mill (100% kommunal finansiering)

Konsekvens ved manglende løyving:

Ein har ikkje tilfredsstillande lagerplass til maskinar, utstyr og materiell til gravplassane.

Ein har ikkje tilfredsstillande pauserom/omkledningsfasilitetar til dei som arbeider på gravplassane.

2021:

Nytt varmesystem og utskifting av taklamper til Vilnes kyrkje

Det vert vist til tilstandsanalyse utført av Akasia i november 2019. Når det gjeld dagens røromnar vert desse vurdert til tilstandsgrad 3, og ein er tilrådd å bytte ut varmesystemet som strakstiltak. Frå rapporten:

«Dagens benkeovner har liten kapasitet, og er delvis defekte. Disse bør prioriteres utskiftes til nye benkevarmere med tilstrekkelig kapasitet. Tilføselkabler under gulv må undersøkes nærmere av fagkyndig.

Vi foreslår fullstendig fornying av kabler og innkjøp av nye benkeovner i kor og skip. Dette vil også hjelpe på varmekapasitet og brannhemmende tiltak.».

Når det gjeld belysning vert denne i rapporten vurdert til tilstandsgrad 2, som bør utbetrastr innan 5 år.

«Lysanlegg er av glødepærer som kan forårsake varmgang og bør oppgraderes til LED-belysning. Gradvis oppgradering av kirkes belysning som avhjelper for uheldige

omstendigheter som branntilløp.»

Kalkyle for desse to deltiltaka er kr 400.000,- men med tillegg av uforutsett, rigg og drift samt administrasjonskostnader er ein oppe i kr 510.000,- for tiltaka.

Regjeringa varsla i september at det vil komme ei tiltakspakke i 2021 på 70 millionar til eldre kyrkjebygg (eldre enn 1850) til tiltak som utskifting av røromnar etc. Vilnes vil såleis vere i målgruppa for tilskot her. Detaljar om tiltakspakka er ikkje publiserte, men ein kan rekne med at det vil vere krav om ca. 1/3 eigenfinansiering om ein får tilskot. Ein bør legge inn kr 170.000-510.000 til prosjektet og ta sikte på at ein får statleg tilskot til finansiering tiltaket.

Finansieringsbehov:

510.000,- (1/3 kommunal finansiering og 2/3 statleg)

Konsekvens ved manglende løyving:

Varme og belysning i Vilnes kyrkje er ikkje tilfredsstillande. Tekniske innretningar er ikkje optimale med tanke på brannførebøgging. Ein får ikkje nytta seg av aktuelle tilskotsordningar.

2021:

Rullestilheis/-liftløysing til koret i Askvoll kyrkje

Under rehabiliteringa av Askvoll kyrkje i 2013/2014 var det planlagt rullestoltolkomst til koret/altarpartiet som del av ombygginga. Dette vart teke ut av prosjektet grunna budsjettoverskridelser i prosjektet. Ein bør få inn finansiering av tiltak som sikrar at ein stettar krava til universell utforming i hovudkyrkja i kommunen.

Tilkomst til koret og altaret er ein føresetnad for fullverdig deltaking i gudstenestene og kyrkjelege seremoniar. Tiltaket er ikkje kostnadsrekna, men det er stipulert eit finansieringsbehov kr 100.000,-.

Finansieringsbehov:

100.000,- (100% kommunal finansiering)

Konsekvens ved manglende løyving:

Askvoll sokn sine kyrkjer stettar ikkje gjeldande krav til universell utforming, og rullestolbrukarar vert hindra i likeverdig deltaking i fleire av våre arrangement.

2021:

Kyrkjeorgelet i Holmedal kyrke

Utan at det påverkar kommunal løyving, bør Askvoll sokneråd også å legge inn restaurasjon av orgelet i Holmedal kyrkje i 2021.

Ein har kr 676.000,- i gåvemidlar til formålet sett i fond.

Kyrkjeverja bør lage til ei tilstandsvurdering for orgelet og hente inn pris for nødvendige utbetringar.

DEL 2: Drift

Driftsbudsjettet har eit tydeleg skille mellom dei såkalla forvaltingsdelene av budsjettet som primært er kommunalt finansiert og kyrkjelydsarbeidet som har andre finansieringskjelder (t.d. statleg trusopplæringsstilskot og diverse gäver/innsamla midlar).

Kyrkjelydsarbeid

Når det gjeld den separate økonomien til kyrkjelydsarbeid (som har annan finansiering enn kommunalt driftstilskot, då primært statleg trusopplæringsstilskot, kyrkjeofringar, gäver og eigenbetingar) er det forutsett at det vert sett opp budsjett for 2021 i balanse.

1. HOVUDKAPITTEL 34100-34300 KYRKJELEG FORVALTNING

1.1.0 Utgifter

1.1.1 Lønn og sosiale utgifter

Her er lagt opp til uendra bemanningsnivå, frå 2. halvår 2020. Samla budsjettert utgift til lønn og sosiale utgifter for 2020 er kr 2.793.700,-. Her er lagt inn 2% lønnsvekst i 2021. Samla for lønn og sosiale utgifter vert då i 2021: kr 2.850.000,-.

Stillingsendring i administrasjonen i 2021 ift. 2020 vert at prosjektstillinga i kyrkjegardsadministrasjonen har utgått frå juli 2020. Samla sett går vi då ned 10 prosentpoeng i samla administrasjonsressurs. Samla kostnad til administrasjonsressurs vert uansett vidareført, då prosjektstillinga på 20% utløp etter 6 mnd. i 2020. Med vakanse i trusopplærarstillinga var budsjettert intern overføring til administrasjon frå trusopplæringsmidlar tilsvarende 10% stillingsdel på heilårsbasis.

1.1.2 Kjøp av varer og tenester

Faste driftsutgifter som energi, graving, forsikring, kurs, forbruksmateriell m.v. utgjer i forslaget kr 1.000.000,-, som er opp kr 21.000,- samanlikna med førre planvedtak

Det er føreslege brukt kr 240.000,- til variabel vedlikehalds- og utviklingsplan 2021, der ein legg til grunn kr 48.000,- av desse finansiert med fondsmidlar.

Nedanfor er eit førebels forslag til tiltak i VU-plan 2021 (kostnader er stipulater).

(Forsлага under i VU-planen vil gå til endeleg vedtak i budsjettvedtak for 2021, og ein må sjå desse i samanheng med framdrift og kostnad i VU-plan 2020.)

VU-plan 2021

Førebels VU-plan 2021	Utgift
Lettvegg og dør bak i Kvammen kapell*	40 000
Ny plentraktor	80 000
Ny kopimaskin/skrivar til kyrkjekontoret	10 000
Teleslynge til Kvammen kapell*	10 000

Oppgradering av bårerom i Kvammen kapell	5 000
Oppgradering kjøkkenskåp Kvammen kapell	5 000
Lyddemping i Kvammen kapell	10 000
Nytt el-piano til Askvoll kyrkje*	10 000
Vatningsløysing Gjelsvik gravplass	20 000
Vatningsløysing Vågane gravplass	10 000
Uføresett	40 000
<u>Sum</u>	<u>240 000</u>
<i>Finansiering med driftsinntekter</i>	-192 000
<i>Fondsfinansiering</i>	-48 000

* Heil- eller delfinansiering med bruk av fondsmidler

1.1.3 Refusjonar og overføringer

Her ligg inne:

- Overføring til investeringsrekneskapen med kr 15.000,- til eigenkapitalinnskot.
- Avsetningar av gaver og kyrkjeoffer til bunde fond for kyrkjene, stipulert kr 45.000,-.
- Refusjonar for leige av bedehuskapella med kr 60.000,-.

Totalt kr 120.000,-

1.2.0 Inntekter

1.2.1 Brukarbetaling, sal, avgifter og leigeinntekter

Dette vil vere ein varierande inntektskategori, særleg ut frå varierande tal festeavfyring. Det er registrert ca. 350 festeutløp i 2020, med tilbod om fornying i 2021. Dette er betydeleg høgre enn tal for føregående år, då ein no ser effekten av arbeidet med gjennomgang an gravregisteret og kartlegging av graver utan festar, som starta i 2014/2015.

Om ein legg til grunn 80% fornyingsgrad av festa, vert stipulatet for inntekt for festeavgift i 2021 sett til kr 210.000,-

I tillegg har ein inntekt på utanbygds gravleggingar, stipulert til kr 8.000,-.

Vidare er det stipulert kr 3.000,- i leigeinntekt for kyrkjene.

Total eigeninntekt er sett til kr 221.000,-.

1.2.2 Refusjonar og overføringer

Intern overføring av trusopplæringsmidlar for 10% ressursbruk av sekretærstillinga, kr 60.000,- som ein hadde i 2020 utgår frå 2021.

1.2.3 Rammetilskot eigen kommune

Her er lagt inn tilskotssum som ligg i kommunens sitt budsjetttrundskriv (2021), kr

3.886.000,-

1.2.4 Andre tilskot og gåver

Stipulert kr 45.000,- i gåver og offerinntekter til kyrkjene.
 Tilskot rentekompensasjon for orgel er sett til kr 10.000,-
 Samla tilskot og gåver: kr 55.000,-

Hovudoppsett forvaltning (kap 04100-04300)	
<i>Utgifter:</i>	
Lønn og sosiale utgifter	2 850 000
Vare og tenestekjøp	1 000 000
VU-plan (utanom fondsfinansierte tiltak)	192 000
Refusjonar og overføringer	120 000
<i>Sum utgift</i>	<u>4 162 000</u>
<i>Inntekter:</i>	
Brukabetalings, sal og avgifter	-221 000
Refusjonar og overføringer	0
Rammetilskot eigen kommune	-3 886 000
Andre tilskot og gåver	-55 000
<i>Sum inntekt</i>	<u>-4 162 000</u>
Differanse	0

2 Hovudskapittel 04400- Anna kyrkjeleg verksemد

Soknet sitt kyrkjelydsrelaterte arbeid vil verte finansiert ved særskilte ikkje-kommunale tilskot (t.d. trusopplæringstilskot), gåver, kyrkjeofringar og brukabetalinger/eigenandelar.

I planforslaget vert det forutsett at ein budsjetterer desse tenestene i balanse som tidlegare, utan kommunale driftstilskot.

Endelege tal for dei enkelte tenestene vil verte utarbeidd i samband med endeleg budsjettvedtak for 2021.

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd vedtek budsjettforslag til kommunen for 2021, samt økonomiplan 2022-2024 som føreslege av kyrkjeverja.

MØTEHANDSAMING

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd vedtek budsjettforslag til kommunen for 2021, samt økonomiplan 2022-2024 som føreslege av kyrkjeverja.

SR 2020/47 Soknerådet sine varamedlemmer - endringar

UTGREIING

1. vara til soknerådet Eva Iren Landøy opplyser at ho har flytta ut av soknet/kommunen. Etter kirkeloven § 7, 1. ledd trer den som taper valbarheten til soknerådet i valperioden, endeleg ut av rådet.

Etter valreglene § 3-1 er det eit krav om at ein skal ha stemmerett ved det aktuelle soknerådsvalet for å vere valbar. Eitt vilkår for å ha stemmerett er etter § 2-1, 1. ledd pkt b) at ein er folkeregistrert busett i soknet.

Om eit medlem trer endeleg ut frå rådet, eller får varig forfall, vil etter kirkelovens § 7, 4. ledd, varamedlemmer tre inn i vedkommandes stad, i den nummerrekkefølge dei er valt.

Sidan 1. varamedlem no trer ut av rådet, vert ny vararangering slik:

1. vara Stine Solheim Rørvik
2. vara Ingvild Loftheim
3. vara Kari Larsen Stang
4. vara Stian Lykkebø

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd tek til orientering at Eva Iren Landøy trer endeleg ut frå soknerådet, og at ny varamedlemsrangering vert:

1. vara Stine Solheim Rørvik
2. vara Ingvild Loftheim
3. vara Kari Larsen Stang
4. vara Stian Lykkebø

MØTEHANDSAMING

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd tek til orientering at Eva Iren Landøy trer endeleg ut frå soknerådet, og at ny varamedlemsrangering vert:

1. vara Stine Solheim Rørvik
2. vara Ingvild Loftheim
3. vara Kari Larsen Stang
4. vara Stian Lykkebø

**VEDLEGG TIL MØTEPROTOKOLLEN - REGISTRERTE FEIL OG MANGLAR ETTER
SYNFARING HOLMEDAL KYRKJE/KYRKJEGARD**

Kyrkjegarden:

- Noko nedslitt bårehus/servicebygg med tanke på maling
- Gjerde mot elva aust for kyrkja er ruste/borte
- Det manglar port i kyrkjegardsmuren mot aust
- Eine lyspunkt (flaumlys) har falt ned, og tre/buskas sperrer for lysstråle mot fasade i nordaust
- Raudlista planter har kraftig vekst utanfor kyrkjegardsmuren mot aust (truleg privat eigedom) og desse må fjernast
- Gamle og kasserte grevminne ligg utanfor kyrkjegardsmuren

Kyrkja:

- Kyrkja sitt "ytterskal" ber tydeleg preg av restaureringsbehov etter langvarige fuktskadar (tak, kledning, vindu og dørar)
- Orgelfront har sprekkskadar, tuleg som følgje av setningsskadar i bygget som er forverra som følgje av tørrare innendørsklima etter ein fekk nytt varmesystem for omlag 5 år sidan
- Ein bør få plass golvbeskyttar under lysgloben
- LED-lyssetting bør vurderast i utstillingsmonteret for messekelen frå 1600-talet bak i kyrkja